

Årsmelding 2019

For Kaupanger sokneråd



Innhald

Årsmelding 2019	1
1.1 Innleiing	3
2.0 Arbeidet i soknet i 2019	5
3.0 Statistikk	6
4.0 Diakonalt arbeid i Kaupanger	7
5.0 Trusopplæring	7
6.0 Til slutt	8

Vedlegg: Resultatrekneskap 2019



1.1 Innleiing

Soknerådet ønskjer med denne årsmeldinga å gje innsyn i litt av det arbeidet som er gjort i soknet gjennom året. I prosessen med renovering/riving av noverande kyrkjegardshus og oppføring av ny kyrkjestove har kommunen sett av midlar, men manglar framleis ein del før alt er fullfinansiert. Det er også samla inn offergåver og private gåver til inventar i kyrkjestova. Sogndal kommune har påteke seg ansvaret for byggjeprosessen og er i kontakt med vår kyrkjevevje, Riksantikvaren, Fylkeskommunen og arkitekt Lars Berge om detaljar som må justerast. Me ventar oppstart våren 2020.

Torsdag 6.juni hadde vårt sokn saman med Norum og Stedje, ansvar for basar til inntekt for inventar/utstyr til Stedjetunet. Basaren vart halden på SIM sine lokale på Grandane. Mange frivillige hjelpte til, og det var godt frammøte og god stemning. Overskotet blei ca. kr. 44000,- Sondag 4.august 2019 var det avskilsgudsteneste i Stedje kyrkje for vår sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim. Han har fått ny stilling som sokneprest i Askvoll, og det var kyrkjekaffi i Frelsesarmeen sine lokale etter gudstenesta der Stedje, Kaupanger og Fjærland hadde ansvaret for servering og program. Avskilsgåva frå sokna var ei hengekøye og eit maleri av Oddvar Torsheim.

Tilsetting av ny prost og sokneprest tok tid og vart ikkje avklart før på nyåret 2020. Mangel på sokneprest for Kaupanger sokn skapte ein del ekstra utfordringar utover hausten 2019, så saknet etter Kjell Olav var merkbart på fleire måtar. Måndag 9. september var det kommuneval og kyrkjeval, og ny samansetjing av vårt sokneråd, gjeldande frå 1. november 2019 og ut oktober 2023, blei valt.

1.2 Soknerådet i 2019 var slik samansett ut oktober:

Einar Skeie - leiar

Christoffer Knagenhjelm - nestleiar

Kenneth Bjørk - kasserar

Kari Alme - skrivar

Sokneprest Kjell Olav Høstaker Nordheim - medlem

Vegard Hovland - medlem

Geir Bøyum - medlem

Svanhild Karin Breisnes - 1. varamedlem

Nyvalt sokneråd frå 1.november 2019 til 31.10.2023:

Einar Skeie - leiar

May Kristel Bødal - nestleiar

Terje Hauståker - kasserar

Rasmus Stokke - skrivar

Margunn Lomheim - medlem

Marie Bukholm - medlem

Vegard Bondevik Lie - medlem og konstituert sokneprest ut juni 2020

Varamedlemmer:

Inger Johanne Talle 1.vara

Anny Hofsvik

Erling Aune

Britt Elin Yttri

Svanhild Karin Breisnes

1.3 Representantar til fellesrådet:

Einar Skeie - medlem

Christoffer Knagenhjelm - varamedlem

Nyvalde frå 1.desember 2019:

May Kristel Bødal - medlem

Marie Bukholm - varamedlem

1.4 Kaupanger sokn sitt medlem i diakoniutvalet:

Geir Bøyum - medlem

Nyvalde frå 1.desember 2019:

Margunn Lomheim - medlem

Anny Hofsvik - varamedlem

1.5 Kaupanger sokn sitt medlem i trusopplæringsutvalet:

Kari Alme - medlem

Kenneth Bjørk - varamedlem

Nyvalde frå 1.desember 2019:

Marie Bukholm - medlem

Inger Johanne Talle - varamedlem

1.6 Representantar til Forstandarskapet for Stiftinga Stedjetunet:

Britt Elin Yttri - medlem	2018 - 2021
---------------------------	-------------

Eivind Ruud - medlem	2016 - 2019
----------------------	-------------

Kenneth Bjørk - medlem	2016 - 2019
------------------------	-------------

Tone Systad Sætre - varamedlem	2016 - 2019
--------------------------------	-------------

Einar Skeie - varamedlem	2018 - 2021
--------------------------	-------------

Nytt val og utskiftingar aktuelt frå februar 2020.

2.0 Arbeidet i soknet i 2019

2.1 Kaupanger sokneråd har hatt 9 ordinære møter i 2019 med i alt 53 saker til handsaming. Eit felles soknerådsmøte med alle avtroppande sokneråd på kyrkjekontoret 16.oktober, og kurs for nytt sokneråd på Lyngmo Ungdomssenter 20.november i regi av Bjørgvin bispedøme.

2.2 Viktige saker og prioriteringar i 2019:

- Arbeid for å realisere oppstart av renovering av kyrkjegardsbygg og bygging av ny kyrkjestove
- Førebuing og gjennomføring av kyrkjevalet 2019
- Faste aktivitetar som utdelingsgudstenester og fasteaksjon
- Besøkeneste og blomhelsing til jubilarar som fyller 80 – 85 – 90 – 95 – osv.

Arbeidet med oppstart av renovering på kyrkjegardsbygg og bygging av ny kyrkjestove har drege ut i tid.

Sogndal kommune har påteke seg ansvaret som byggherre, og det har vore diskutert endringar på detaljar som må endrast med arkitekt, Riksantikvar og Fylkeskommunen. Arbeida skulle ha starta på våren 2019, men ingenting har skjedd så langt. Kyrkjeverje og Fellesrådet er i jamleg kontakt med kommunen om detaljane vidare. Me vonar at det løyser seg fort.

Gunnar Stundal har sagt seg villig til å vera vår rådgevar og delta i byggemøte med kommunen når det er påkravd.

Kyrkjevalet: Førebuinga starta allereie på slutten av 2018 med å få på plass nominasjonskomiteen. Den var klar i februar, og sett saman av Gunnar Stundal, Aslaug Eikemo og Kari Alme. Christoffer Knagenhjelm frå soknerådet tok på seg jobben med å vere leiar i valstyret. Listeframlegg og godkjenning frå soknerådet og overlevering til Kyrkjekontoret var klar i løpet av april med 11 namn på lista, 6 medlemmer og 5 vara. Valet blei gjennomført 9. september. Det var 28% valframmøte, 3% mindre enn i 2015. Det nye soknerådet blei konstituert 15. oktober på fellesmøte med det gamle, som blei takka av.

Faste aktivitetar som utdelingsgudstenester og fasteaksjon:

Som ein del av trusopplæringsarbeidet, har vi i vårt sokn utdeling av 4-årsbok som barna i år fekk utdelt på gudsteneste 15.september, utdeling av 6-årsbok var planlagt i skulestartgudsteneste 18.august, men ingen 6 åringar møtte opp. Utdeling av bibel til 11-åringane i gudsteneste 20. januar.

Fasteaksjon blir kvart år avvikla tysdag før palmesøndag (9.april i 2019), også dette året møtte 15 konfirmantar og foreldre på gamleskolen, fekk utdelt bøsser og kvar si rode. Etter avslutta innsats fekk dei forsyne seg av bollar og kjeks + saft og kaffi. God innsats også dette året, men merkbar at folk har mindre kontantar, så den summen går ned. Kjem inn ein del på VIPPS.

Besøkeneste til jubilarar frå 80 år og oppover samt tilbod om kyrkjeskysst til eldre og uføre:

I 2019 fekk 14 jubilarar besøk av medlemer i soknerådet. Alle har vore positivt overraska og glad for både besøk og blomhelsing. Soknerådet har vedteke å halda fram med tiltaket. Kyrkjeskysst til eldre har det så langt vore berre ein førespurnad etter, men me vil halda fram med tilbodet. Lista må oppdaterast med namn frå det nye soknerådet.

3.0 Statistikk

20 personar på dugnad på kyrkjegarden 07. mai 2019. Godt frammøte.

18 personar på årsfest på Kaupanger bedehus 26. februar. Greitt møte, men litt få frammøtte.

Gudstenester, kyrkjelege handlingar, ofringar i 2019 (tal for 2018 og 2017 i parentes):

Gudstenester totalt:	32	(34)	(32)
Samla tal deltakarakar:	2131	(2309)	(2150)
Gjennomsnitt deltakartal:	67	(68)	(67)
Søndagsgudstenester tot.:	28	(28)	(27)
Søndagsgudst. tot. deltak.	1866	(1991)	(1778)
Gudst utanom søn-/helligd:	4	(6)	(5)
Gudst utanom søn-/helligd deltak:	265	(318)	(382)
Tal familiegudstenester:	3	(3)	(3)
Tal delt. gudsteneste for barneh.barn:	29		
Gudsteneste med nattverd:	10	(10)	(8)
Deltakarakar skulegudsteneste:	188	(220)	(135)
Deltakarakar julaftan (2 gudstenester):	205	(247)	(252)

Talet på deltakarakar ved gudstenester har vore stabilt siste tre åra, med ein liten nedgang i 2019 samanlikna med 2018. (Ei gudsteneste i februar måtte avlysast grunna sjukdom.) Men gjennomsnittleg deltakartal pr. gudsteneste var tilnærma likt.

Nattverdsdeltaking:

I 2019 var det 10 gudstenester med nattverd, og til saman 213 (196) og (135) nattverdsgjester. Tal nattverdsgjester i kvar av gudstenestene er 21,3 i 2019, og tilsvarende 19,5 i 2018 og 17,5 i 2017. Dvs. tal nattverdsgjester har auka uavhengig av tal gudstenester der det er nattverd siste tre åra.

Gudstenester med dåp:	8	(10)	(5)
Totalt deltakarakar i desse gudst.:	673	(258)	(441)
Tal døypte:	18	(26)	(18)
Tal konfirmerte:	15	(14)	(19)
Vigsler:	1	(3)	(4)
Gravferder:	5	(11)	(4)

Det vart i 2019 samla inn i kyrkja totalt kr. 42.671,73 kr. Dette er kr. 28336,- mindre enn i 2018, då det var innsamla kr. 71007,-, og kr. 30768,- mindre enn i 2017.

Av dei kr. 42.671,73 kr som vart samla inn, var kr. 26 720,73 kr til eige kyrkjelydsarbeid, resten (kr.15951,-) var samla inn til andre lag/organisasjonar. Gåver via VIPPS er ikkje spesifisert i rekneskapen, men inngår i totalsummane.

Utgifter til konfirmant og dåpsopplæring for 2018 (ca. 10 000,-) kom seint med og er utgiftsført på 2019. Summen er der samla kr.21370,-

Andre typar innsamlingar som Fasteaksjonen gav 12.555,- ein nedgang på ca. 3500,- frå 2018.

(Innsamlinga går direkte til Kirkens Nødhjelp). Diverse inntekter (4428,-) inneber loddsal på årsmøtet i februar 2019 samt billettinntekter frå konsert i kyrkja i november 2019. I tillegg pengar i kyrkjebøssa gitt av besøkjande turistar.

4.0 Diakonalt arbeid i Kaupanger

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Jesus sa : "Du skal elska din neste som deg sjølv". Og vidare "Det du vil andre skal gjere mot deg skal du gjere mot dei".

«Diakonia» er gresk og kan bli forstått som omsorg og teneste. Diakoni er både ei generell teneste, dvs. som omfattar "alt", men er og ei spesiell teneste, som er konkret og med særskilte oppgåver.

Bibelen si forståing av diakoni er "oppdrag", som har eit kjenneteikn av å vere viktig og gitt av ein viktig oppdragsgjevar, nemleg Gud.

Diakoni skal difor vere på dagsorden i alle kyrkjelydar, noko også Kyrkjerådet vektlegg:

Visjonen er at evangeliet skal utøvast i handling. Det skal vere samsvar mellom liv og lære!

Dette kan verte uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern om skaparverket.

I arbeidet for inkluderande fellesskap har Kaupanger sokneråd valt:

- å gje tilbod om kyrkjeskyss til eldre og alle som har behov for det i bygda vår. Det inneber å skaffe sjåførar som kan hente og køyre personar til/frå kyrkje heile året.
- Halde fram med å skaffe song og musikk-krefter til flest mogeleg av våre gudstenester og arrangement
- Halde fram med å rekruttere frivillige personar til å delta i oppdrag som kyrkjevertar, tekstlesarar, bake til kyrkjekaffi og årsmøte, dugnadar m.m.

I arbeidet med nestekjærleik har Kaupanger sokneråd valt:

- Ha besøksteneste/venneteneste til alle personar i bygda frå dei fyller 80 år og ha med ei lita helsing i form av ein blome eller anna som kan passa. Ordninga vert gjennomført kvart kalenderår for personar som fyller 80, 85, 90, 95 og 100
- Omsorgsarbeid: Sidan Sogndal statlege mottak for flyktningar er lagt ned, vil Kaupanger sokneråd vere i beredskap dersom behovet melder seg i samarbeid med diakonen i Sogndal
- Halde fram som med-arrangør i Open felles julaftanfeiring i samarbeid med Sogn Folkemuseum. Innskrenkingar og reduksjon i tal tilsette, kan medføra at ordninga vert vanskeleg å halda fram med.

5.0 Trusopplæring

Trusopplæringsutvalet har over tid jobba med ei ny og revidert utgåve av trusopplæringsplanen. Den vart vedteken hausten 2018. Birte Husum blei tilsett som ny kyrkjepedagog/trusopplærar frå 5.august 2019.

Visjon og mål for trusopplæringa er å gjera Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgt. At barn og unge kjenner seg heime i kyrkjelyden, og erfarer eit raust og godt fellesskap der.

Den viktigaste trusopplæringa skjer i heimen, men foreldre og fadrar skal få god drahjelp frå kyrkja.

Kvart sokn har utarbeidd ei brosjyre med informasjon om kva tilbod som fins i kyrkjelyden.

Det er kyrkjelydspedagogen som har hovudansvaret for tiltaka i alderen 0-13 år og medansvar i utdelingsgudstenestene. Ungdoms- og studentpresten har ansvaret for tiltaka frå 14-18 år. I

dette arbeidet samarbeider ein også med det frivillige lokale barne -og ungdomsarbeidet. Ein del av arbeidet er felles for alle sokna og noko er litt ulikt.

I vår kyrkjelyd har vi hatt utdeling av 4-årsbok, 6-årsbok og bibel til 11-åringane. Nytt er også at vi i kyrkja har sekkar med aktivitetsinnhald for dei minste til utlån ved gudstenester.

6.0 Til slutt

Soknerådet vil takka alle som me har samarbeidd med, og som har gjort ein viktig innsats i 2019:

- Tekstlesarane og kyrkjevertane (konfirmantane i skuleåret)
- Kaupanger skule, Furuli barnehage, Kaupanger bygdakor, Kaupanger skule og ungdomskorps, Nybø gartneri, Kaupanger Indremisjon (KIM) og bruk av Kaupanger Bedehus og Knaken kafé
- Dugnadsgjengen som er med og pyntar opp på kyrkjegarden
- Prestane og dei tilsette i kyrkja for alt arbeid som er lagt ned i kyrkjelyden i 2019
- Alle frivillige som stiller opp i forskjellige samanhengar

Det nye soknerådet er inne i første del av denne valperioden. Det er mykje spennande arbeid som er på gang, spesielt renovering av kyrkjegardsbygg og oppføring av ny kyrkjestove. Me oppmodar alle om å støtte opp om dette arbeidet framover. Bygging av nytt Stedjetun er også i gang og skal etter planen stå klart utpå hausten 2020.

Kaupanger 06.03.2020

For Kaupanger sokneråd


Rasmus Stokke, skrivar


Einar Skeie, leiar

Vedlegg

Resultatrekneskap 2019



3535_001.pdf

Kaupanger Sokneråd

Resultatrekneskap 2019

Kontonr	Tekst	2019	2018
DRIFTSINNTEKTER			
3100	Diverse inntekter	4428,25	1780,00
3201	Offer	15951,00	32422,00
3202	Offer kyrkjelydsarbeidet	26720,73	38585,14
3203	Ref. adm kostnader	1595,00	2024,00
3204	Ny kyrkje inventar	<u>169841,00</u>	0,00
	SUM DRIFTSINNTEKTER	<u>218535,98</u>	<u>74811,14</u>
DRIFTSKOSTNADER			
6510	Utgifter kyrjekaffi	479,80	1547,97
6520	Konfirmant/dåpsopplæring	21370,00	0,00
6530	Innbetaling diakonstilling	9200,00	9200,00
6552	Salmebøker	1931,00	0,00
6553	Dåpsservietter	2503,00	2801,00
6575	Babysong	499,60	0,00
6705	Regnskapshonorar	6250,00	5660,51
6820	Oppslagstavle	1774,23	0,00
7320	Annonse	0,00	1877,00
7420	Blomst jubilanter	2876,00	0,00
7530	Utbetalt offer	15951,00	32422,00
7550	Avsetning fond ny kyrkje	2281,56	2147,35
8900	Avsetjing fond inventar ny kyrkje	170130,30	0,00
7600	Diverse kostnader	6888,60	6969,00
7770	Bank og kortgebyrer	<u>225,74</u>	<u>107,00</u>
	SUM DRIFTSKOSTNADER	<u>242360,83</u>	<u>62731,83</u>
	DRIFTSRESULTAT	<u>-23824,85</u>	<u>12079,31</u>
FINANSINNT. OG -KOSTN.			
8050	Renteinntekt bankinnskudd	<u>3129,27</u>	<u>2311,96</u>
	Sum finansinntekter	<u>3129,27</u>	<u>2311,96</u>
8155	Rentekostnad leverandørgjeld	<u>0,00</u>	<u>25,11</u>
	Sum finanskostnader	<u>0,00</u>	<u>25,11</u>
	SUM NTO. FINANSPOSTER	3129,27	2286,85
	ÅRSRESULTAT	<u>-20695,58</u>	<u>14366,16</u>

Kontonr Tekst	Inngående balanse	Denne periode	Hittil i år
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
OMLØPSMIDLER			
1920 Brukskonto 37300504303	65 227,44	-26 840,87	38 386,57
1921 Bank Inventar ny kyrkje 37300614133	0,00	170 130,30	170 130,30
1950 Ny kyrkje 3720.40.66559	360 039,32	2 281,56	362 320,88
1960 Høgretekonto 3720.40.66867	99 665,60	531,91	100 197,51
Sum Bankinnskudd og kontanter	524 932,36	146 102,90	671 035,26
SUM OMLØPSMIDLER	524 932,36	146 102,90	671 035,26
SUM EIENDELER	524 932,36	146 102,90	671 035,26
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
2055 Fond ny kyrkje	360 039,32	2 281,56	362 320,88
2056 Likviditetsreserve	142 582,44	0,00	142 582,44
2057 Fond Inventar Ny kyrkje	0,00	170 130,30	170 130,30
Overført resultat	0,00	-20 695,58	-20 695,58
Sum opptjent egenkapital	502 621,76	151 716,28	654 338,04
SUM EGENKAPITAL	502 621,76	151 716,28	654 338,04
GJELD			
2180 Utbetaling offer	16 814,60	-7 738,38	9 076,22
Sum avsetning og forpliktelser	16 814,60	-7 738,38	9 076,22
2400 Leverandørgjeld	696,00	2 125,00	2 821,00
2960 Annen påløpt kostnad	4 800,00	0,00	4 800,00
Sum kortsiktig gjeld	5 496,00	2 125,00	7 621,00
SUM GJELD	22 310,60	-5 613,38	16 697,22
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	524 932,36	146 102,90	671 035,26